UNIVERSITETET
I OSLO

Tjenestemannsorganisasjonene ved UiO

Dato: 18/03/2026
Dykkar ref.:
Vår ref.: 2025/89859 AUDJS

Referat frå informasjons- og drøftingsmøte 17.03.2026

Tid og stad: 17. mars 2026 kl. 09.00 - 09.50, Fakultetsstyrerommet

Frå organisasjonane:

- Maren Ringstad og Cecilie Wingerei Lilleheil - Forskarforbundet
- Silje Forsland - Akademikarane
- Ingalill Herstad og Lærke Ajaaja Madsen Otzen - NTL
- Ariel Sevendal - Parat
- Mari Gakkestad - lokalt hovudverneombod

Frå fakultetet:

- Anne Julie Semb - dekan
- Gudleik Grimstad - fakultetsdirektør
- Aud-Jorunn Sandal - referent

Innkallinga vart godkjent.

Sakspapira til sakene finnes i innkallinga til fakultetsstyremøte 19.03.2026

Drøftingssaker

Sak 1: Regnskap for 3. tertial 2025

Sjå V-sak 3 i innkallinga til fakultetsstyremøte

Fakultetsdirektøren orienterer kort om rekneskapen og at det akkumulerte mindreforbruket er høgare enn prognosen for 2025.

Forskarforbundet spør om fakultetet har gjort seg nokre tankar om korleis dette verkar inn på dei tilsette. Er dei tilsette involvert når institutta byggjer ned aktiviteten?

Det samfunnsvitskaplege fakultet
Fakultetsadministrasjonen ved Det samfunnsvitenskapelige fakultet

Postadresse: Postboks 1084 Blindern 0317 OSLO
Besøksadresse: Moltke Moes vei 31, Eilert Sundts hus, 4. etg.
Tlf: 22 85 48 46
E-post: postmottak@sv.uio.no
http://www.sv.uio.no/om/organisasjon/adm/
Org.nr.: 971 035 854

Dekanen seier at einingane ved SV over tid har hatt høgare aktivitet på undervisningssida enn kva dei har personalressursar til. Dette har medført overskot på timerekneskapen hjå mange som ein no byggjer ned, men ein ser samstundes at hjå enkelte einingar så har bruken av timelønna gått opp. Ein har dialog med dei tilsette der ein ser på reelle kutt i undervisningsporteføljа. Kutt inneber faglege prioriteringar, og det er viktig å ha dei tilsette med seg.

Sak 2: Senterpolitikk for Det samfunnsvitskaplege fakultet

Sjå V-sak 6 i innkallinga til fakultetsstyremøte

Dekanen seier ein no etter ein lang prosess er komen fram til at det skal fattast vedtak om senterpolitikken ved SV. Senterpolitikken er blitt ein kort og fyndig tekst, og som også andre fakultet er interessert i å sjå nærare på.

Forskarforbundet lurar på om det er tilstrekkeleg med å bruka den årlege budsjettdialogen til å evaluera sentra, spesielt dersom ein ynskjer å nedskalera noko som får store konsekvensar for den enkelte dersom stillingar skal bort.

Dekanen seier personalpolitikken ligg der, men at grunnen til at den årlege porteføljeevalueringa er lagt til budsjettdialogen er med tanke på at ein der i større grad kan gjera strategiske prioriteringar og sjå på kva økonomisk handlingsrom ein har på lang sikt.

Forskarforbundet kommenterer at ein også har endra fleire av punkta frå bør til skal i det endelege forslaget.

Dekanen seier at dei ikkje har fått tilbakemeldingar på dette, men at det tvert imot medfører ei tydlegare styring.

Sak 3: Endring frå tilsett til valt instituttleiar ved Sosialantropologisk institutt

Sjå V-sak 7 i innkallinga til fakultetsstyremøte.

Dekanen spør om det er noko merknader frå organisasjonane til denne saka.

Forskarforbundet meiner ein i notatet ikkje burde lagt så stor vekt på at det er økonomiske grunnar til denne endringa. I staden burde ein lagt vekt på at perioden med tilsett leiar var unnataket, og at ein no går tilbake til det normale som er valt instituttleiar.

Sak 4: Organisering av 4. nivå ved Økonomisk institutt

Vedlagt var Notat frå fakultetsdirektøren datert 06.03.2026

Fakultetsdirektøren syner til at organiseringar av 4. nivå har vore informasjonssak i tidlegare IDF-møte, og at Økonomisk institutt er fyrst ute å villa gjere ei slik endring i den formelle organiseringa av instituttet. Ein legg saka fram til drøfting no så kjem den til forhandling i neste IDF-møte.

Forskarforbundet har kikka på tidlegare referat og funne at dette var ei generell informasjonssak på IDF-møtet i desember, men at dette er første gong dei får dette framlagt som ei konkret sak. FF meiner at saka frå ØI burde ha kome som informasjonssak til IDF først. Vidare lurar dei på om stipendiatane ved ØI har vore involvert i prosessen og kva dei meiner om dette. Har ein til dømes sett på evt. negative konsekvensar. Når saka kjem til forhandling bør saka greiast betre ut, og ein må leggja fram korleis dei involverte stipendiatane har vore involvert.

Dekanen seier dette er meir ei opprydding. Nestleiar har i fleire år hatt delegert oppfølging av stipendiatane, men at dette ikkje har gjenspegla seg i organisasjonskartet og i systema. Det blir no meir tydeleg kven som er leiar for stipendiatane.

NTL spør korleis oppfølging og opplæring blir av den nye leiaren og vidare om korleis sjukefråværet er blant stipendiatar ved ØI.

Dekanen fortel at ØI har lågast sjukefråvær blant stipendiatane ved SV. Vidare er det ikkje konkrete planar om opplæring, men det er naturleg at nye leiarar deltek på enkelte leiarkurs.

Parat støttar Forskarforbundet i at dei vil sjå eit godt saksgrunnlag når saka kjem til forhandling. Utover dette er det positivt med tydeleg leiaransvar og at ein har små leiarspenn.

Verneombodet minner om at HMS-kurs modul 5+6 er obligatorisk for alle leiarar. Elles er det bra at dei som har fungert som leiarar fram til no også får den formelle rolla og nødvendig opplæring.

Informasjonssaker

Sak 1: Rekrutterings og tilsettingspolitikk

Sjå D-sak 1 i innkallinga til fakultetsstyremøte.

Dekanen fortel at dette er noko som fakultetsstyret har etterspurt, og spesielt om det er vanskelege eller prinsipielle saker som er blitt handsama i fakultetets ansettelsesutvalg (AU) i 2025. Ein ser i av sakene til AU at det har vore ei dreiing mot fleire tilsettingar i eksternfinansierte forskarstillingar, og færre som er blitt tilsett i ordinære basisfinansierte stillingar.

NTL spør om ein har ein plan for korleis ein skal ivareta alle som blir tilsett midlertidig på prosjekt, har ein nokon plan om å behalde dei vidare.

Dekanen seier dette er midlertidig tilsette som er her for ein avgrensa periode. Dei får tilbod om karriererettleiing på linje med andre mellombels tilsette.

Forskarforbundet støttar spørsmålet frå NTL om gjenbruk av forskarane og at dette ikkje blir "bruk og kast" stillingar. Det er vidare viktig med reelle prosessar ved oppseiing i faste stillingar, der ein faktisk ser etter mogelegheit for å kunna fortsetja.

Dekanen seier at ein i 2025 berre hadde ei oppseiing i AU, medan ein hadde to orienteringssaker der AU vart orientert at ein i staden for oppseiing hadde innplassert personar i ledige utlyste forskarstillingar.

Sak 2: Revidert forskingsinfrastrukturstrategi

Sjå D-sak 2 i innkallinga til fakultetsstyremøte.

Dekanen seier at strategien er laga slik at ein vert meir medviten om behova for forskingsinfrastruktur ved fakultetet.

Ingen merknader frå organisasjonane.

Sak 3: Øvrige saker til fakultetsstyremøte 19.03.2026

Verneombodet syner til V-sak 5: Søknad om oppretting av eit engelskspråkleg bachelorprogram i teknologi, innovasjon og samfunn, korleis dette er tenkt finansiert og om dette vil kunne påverke midlane tenkt for mogeleg subsidiering av SAI.

Dekanen fortel at UiO og NTNU har fått øyremerka midlar til teknologiforsking, og vonarleg vert noko av denne bevillinga fordelt til TIK. Alternativt vurderer fakultetet å gå inn med nokre midlar for å støtte dette studieprogrammet.

Forskarforbundet seier at TIK har lyst ut ei 50 % studiekonsulentstilling til dette BA-programmet, noko som verka litt lite. Ein vil truleg trengja ekstra ressursar i oppstarten og i tillegg har ikkje TIK erfaring med drift av BA-program.

Fakultetsdirektøren seier at dimensjonering av den administrative staben ligg til TIK, og dei ser nok stillinga i samanheng med dei andre tilsette i administrasjonen.

Sak 4: Personalsituasjonen

Munnleg orientering i møte

Søknadsfristen til fakultetsdirektørstillinga gjekk ut ved midnatt. Utover dette veit ein ikkje noko meir sidan saka vert handtert sentralt.

Sak 5: Eventuelt

Forskarforbundet syner til at UiO har gjort endringar i Retningslinjer for forskningstermin ved UiO utan at det er drøfta med dei tillitsvalte sentralt. Vidare ser dei at det er gjort endringar i retningslinjene lokalt ved SV. Det er lagt inn språkkrav og nye kriteria.

Fakultetsdirektøren seier at språkkravet ikkje er nytt, men har vore der i fleire år. Endringa som er gjort er som følge av at aldersgrensa er for avgang er flytta frå 70 til 72 år. Det bryt kanskje med intensjonen for å ha forskingstermin å innvilga dette for personar som går mot slutten av sin karriere.

Forskarforbundet meiner det er viktig å ha dialog med tilsette som snart skal gå av slik at dei ikkje føler seg snytt. Her må leiarane ha god dialog med dei det gjeld og bruka medarbeidarsamtalar slik at ein får gode forventningsavklaringar.

Med helsing

Gudleik Grimstad

fakultetsdirektør

Aud Jorunn Sandal

seniorrådgjevar HR

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen underskrifter.